

## Oppgaver og ansvar

Forskrifter til opplæringslova		Prøvenemnda	Kandidaten
§§ 3-50, 3-51	<b>Oppstart og gjennomgang av oppgåveteksten</b>	<p><b>Prøvenemnda er ansvarlege for at kandidaten er kjend med forskrifta som regulerer fagprøva.</b></p> <p><b>Dele ut og gjennomgå oppgåveteksten saman med kandidaten, og forklare:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At prøva er 4-delt og at det i oppgåveteksten er oppgitt kor lang tid kandidaten kan bruke på kvar del.</li> <li>• Kva vurderingskriteria eigentleg er, og korleis kandidaten kan nyttiggjere seg dei under prøva.</li> <li>• At alle delane av fagprøva blir vurdert av prøvenemnda</li> <li>• At kandidaten må grunngje i dokumentasjonsdelen dersom gjennomføringa får avvik frå plana.</li> <li>• Kven kandidaten skal kontakte undervegs dersom det er behov for det.</li> </ul> <p style="text-align: center;"><b>SIKRE AT KANDIDATEN HAR FORSTÅTT OPPGÅVETEKSTEN</b></p>	<p>Er førebudd på prøva og har med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Læreplan for faget</li> <li>• Utstyr/hjelpemiddel som er brukt under læretida og som trengs for gjennomføring av prøva</li> </ul>
§§ 3-50, 3-51	<b>Planlegging</b>	<p><b>Oppgåveteksten skal innehalde:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva kandidaten skal gjere i planleggingsdelen.</li> <li>• Tid som kan nyttast til denne delen av prøva.</li> <li>• Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for planleggingsdelen</li> <li>• Korleis prøvenemnda skal få overlevert planleggingsdelen, personleg eller digitalt.</li> </ul>	<p>Gjennomfører planlegginga innan oppgitt tidsfrist.</p> <p>Prøvenemnda skal ha motteke planleggingsdelen før kandidaten kan starte på gjennomføringa.</p>
§§ 3-50, 3-51	<b>Gjennomføring</b>	<p><b>Oppgåveteksten skal innehalde:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva kandidaten skal utføre.</li> <li>• Tid som kan nyttast til denne delen.</li> <li>• Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for gjennomføringsdelen</li> </ul>	<p>Gjennomfører oppgåva etter eigen plan.</p> <p>Dersom plana avvik, må dette grunngjevast og leggast fram for prøvenemnda i dokumentasjonsdelen.</p>

Forskrifter til opplæringslova		Prøvenemnda	Kandidaten
§§ 3-50, 3-52	<b>Vurdering av eige prøvearbeid</b>	<b>Oppgåveteksten skal innehalde:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva kandidaten konkret skal vurdere.</li> <li>• På kva måte</li> <li>• Tid som kan nyttast til denne delen av prøva.</li> <li>• Kva prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for vurdering.</li> </ul>	Gjennomfører eigenvurdering innan oppgitt tidsfrist
§§ 3-50, 3-52	<b>Dokumentasjon av eige prøvearbeid</b>	<b>Oppgåveteksten skal innehalde:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva kandidaten konkret skal dokumentere.</li> <li>• På kva måte</li> <li>• Tid som kan nyttast til denne delen av prøva.</li> <li>• Kva prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for dokumentasjonsdelen</li> </ul>	Gjennomfører dokumentasjonsdelen innan oppgitt tidsfrist
§§ 3-50, 3-52	<b>Vurdering</b>	<p>Vurderer den 4-delte prøva og informerer kandidaten om resultatet.</p> <p><b>Prøvenemnda kan stille spørsmål til fagleg avklaring.</b></p>	Grunngir forhold ved prøvearbeidet.

### **§ 3-50. *Innhald i og omfang av fag- og sveineprøva***

**Prøvenemnda har ansvaret for utforminga av fag- og sveineprøva. Lærebedrifta, eventuelt skolen som alternativ til opplæring i bedrift, kan komme med forslag til arbeidsoppgåver.**

**Fag- og sveineprøva skal prøve kandidaten sin kompetanse i faget etter læreplanen for opplæring i bedrift. Alle kompetansemåla i læreplanen for faget skal kunne prøvast. Prøvenemnda skal syte for at kandidaten får vist om han eller ho har den kompetansen som skal til for å få fag- eller sveinebrev i faget.**

**Fag-/sveineprøva skal prøve kandidaten i å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eit eige fagleg arbeid.**

**Fag- eller sveineprøva skal vere tilpassa tidsramma som er fastsett for prøva i læreplanen, slik at det er mogleg for kandidaten å utføre eit arbeid av god kvalitet. Dei hjelpemidla kandidaten har brukt i læretida, kan òg nyttast under prøva.**

**Prøvenemnda og kandidaten skal ved behov ha ein oppsummerande samtale til slutt for å avklare spørsmål som har oppstått under prøva.**

**Prøvenemnda skal samstundes med oppgåva utarbeide eit grunnlag for vurderinga av kandidaten sitt arbeid med fag- eller sveineprøva. Hovudpunkta skal gjerast klare for kandidaten.**